



Positive elevar samla på soveplassen.

Å verta flink å lesa er viktig for alle fag. Derfor har det siste åra vorte satsa på tidleg innsats. Slik er det også på Uskedal skule. I 3.klasse har dei leseprosjekt, og kontaktlærer Hilde Bringedal kan fortelja at klassen er svært flinke lesarar. Som ein del av prosjektet har klassen overnatta på skulen natt til fredag.



Taco var populært her og.

Då uskedalen.no var nedom skulen ein halv time etter framsmøte som var kl.18 torsdag, var dei 19 elevane i full aktivitet med ballspel i hallen. Pysjamasen var på, og nokre elevar tok seg tid til ein pause i leiken for å visa oss kor dei skulle sova. På biblioteket hadde dei rigga seg flott til med gode madrasser, og kosedyra var på plass.

Sarune frå Beinavikjo fortalde at dei skulle lesa høgt og lesa for seg sjølv på samlinga. Dei kunne også få lov å lesa med lommelykt etter at lyset var sløkt. Like etter kom kontaktlærer Hilde og fortalde at dei gjennom prosjektet hadde hatt ulike variantar av lesing, både felleslesing og at dei hadde lese kvar sine bøker. Elevane hadde hatt leseskjema til heimelesing som foreldra signerte, og dei hadde skrive bokmeldingar. Desse skulle dei sjå på i løpet av kvelden. Kanskje ville dei også få tid til å sjå ein film. Det hadde i alle fall elevane ytra ønskje om.

Rett frå samtalen måtte travle Hilde kalla til bords på skulekjøkkenet. Der var Ann Kristin Vangen Olsen alt klar med taco. Elevane kroa seg kjapt rundt bordet og viste flott bordskikk. Ingen forsynte seg for Hilde hadde sagt versågod, og dei hadde ei koseleg stund rundt langbordet.

Flere foreldre skulle hjelpa til. Om natta må det vera brannvakt som held seg vaken, og så skulle elevane sjølvsgat ha frukost. Ann Kristin var alt på plass, og etter kvart ville også Trond Olsen, John Guddal og Monica Tofte koma. Hilde Bringedal var svært glad for at foreldra stilte så flott opp.

Like før kl.8 fredags morgon tikka det inn eit bilde frå kontaktlærer Hilde til redaksjonen. Det viste ein geispande, men eg trur morgonfisk gjeng rundt frukostbordet. Hilde kunne rapportera om vellukka kveld og natt. Det er vi heilt sikker på at det vart, med denne flotte gjengen!



Geispande, men frisk gjeng klar til frukost i god tid før kl.8.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hilde Bringedal og Thor Inge Døssland